

Kast terningen og finn ut kva du skal skrive om						
	1	2	3	4	5	6
A	Ein hund	Ein oppfinnar	Ein president	Ein astronaut	Ein fotballspelar	Ei popstjerne
B	med brun pels,	med eit velutstyrt laboratorium,	med fjorten ministrar,	med ei sølvfarga og turkis romdrakt,	med gullfarga fotballske,	med ei mørk songstemme,
C	som budde i eit hundehus.	som budde i ein låve.	som budde i eit palass ved innsjøen.	som budde i romferja si.	som budde heime hos bestefaren sin.	som budde i ein grøn turnébuss.
D	Ein dag skulle han/ho erte opp ein katt i nabolaget.	Ein dag skulle han/ho finne opp ei maskin som gjorde han/ho usynleg.	Ein dag skulle han/ho besøkje den norske tanta si.	Ein dag skulle han/ho koke tomatsuppe til middag.	Ein dag skulle han/ho trene på scoringar.	Ein gong skulle han/ho synge på ein konsert med tusen tilskodarar.
E	Han/ho hadde med seg Fido.	Han/ho hadde med seg fetteren Frans.	Han/ho hadde med seg sonen sin, Bo.	Han/ho hadde med seg kosmonauten Klaus.	Han/ho hadde med seg trenaren sin.	Han/ho hadde med seg ein trommeslagar og ein gitarist.
F	Utstyret deira var to plastrotter og ein pinne.	Utstyret deira var ein hammar og ein ostehøvel	Utstyret deira var kart og kompass.	Utstyret deira var ei gryte og ein visp.	Utstyret deira var ein fotball, ei stoppeklokke og ei drikkeflaske.	Utstyret deira var ein mikrofon, eit plekter og eit trommesett.
G	På vegen møtte dei bulldogen Bixie som sa at dei skulle slutte med slikt tull.	På vegen møtte dei pappa som sa at dei skulle kome heim og gjere lekser med ein gong.	På vegen møtte dei dei finansministeren som sa at det var heilt tomt for pengar.	På vegen møtte dei astronauten Anette som fortalde at ein ufo stal makaronien.	På vegen møtte dei brannvesenet som trong nokre ekstra hjelparar til å sløkkje ein brann.	På vegen møtte dei ein tjuv som stal alt dei hadde.

Det var ein gong ... (Skriv inn det du fekk på kvart kast.)

A	
B	
C	
D	
E	
F	
G	

Kva skjer vidare? Skriv resten av historia.

Lag ei overskrift som passar.